



Øksenvågen, Averøy

"TA ET TAK" FOR

VANLEGE FOLK

TEKST: JENS PETER RINGSTAD
FOTO: PRIVAT FRÅ DEI
FORSKJELLIGE PROSJEKTA



Fylkeskonservator i
Møre og Romsdal.
Styremedlem og leiar
i Fagrådet i Norsk
Kulturarv

Sidan Norsk Kulturarv starta med tilskotsordninga "Ta et tak" i 2002 har over 2000 verneverdige bygningar over heile landet blitt redda frå forfall.

Fleire av desse bygningane ligg i Møre og Romsdal. Ved dei to siste tildelingane (i 2008 og 2009) er det gitt tilskot til 33 bygningar her i fylket. "Ta et tak" for 2009 har vore spesielt retta mot bygningar i kystområda. Det er for 2009 gitt 75 tilsegner om tilskot, og av desse har 15 gått til tiltak i Møre og Romsdal.

Midlane til "Ta et tak" har vore eit spleiselag mellom ulike instansar. Dei to siste åra har midlane kome frå Nordenfjeldske Bykreditts Stiftelse, Stiftelsen

UNI, Miljøverndepartementet og Norsk Kulturarv.

Men kva betyr ordninga "Ta et tak" for vanlege folk? Og korleis virkar den i forhold til målet om å ta vare på kulturarven vår. Som fylkeskonservator i Møre og Romsdal har eg erfaring frå bygningsvernarbeid på fylkesnivå og har tett kontakt med dei som i det daglege forvaltar kulturarven rundt omkring i bygd og by. Dette er for det meste privatpersonar og i nokon grad lag og



”Då eg fekk meldinga om tildeling av tilskot frå Norsk Kulturarv, vart eg så glad at eg gret!” skriv ein huseigar til meg.



Naustet til Arne Drågen i Fræna

organisasjonar. Kva inntrykk sit eg att med når eg lyttar til kva folk har å seie om ordninga? Det eg har notert meg kan delast i tre hovudtema:

- **Organiseringa med søknader, kontroll og utbetaling**
- **Den økonomiske verknaden**
- **Oppmuntring og anerkjennelse**

Rekkefølga er sett vilkårleg, men dersom eg skulle rangere etter ”verdi” ville punkt tre kome først.

FOLK ER BEGEISTRA FOR AT DET ER ENKELT Å SØKJE!

Nesten alle eg har hatt kontakt med, understrekar at det er positivt at ordninga har det enkelte kallar ”låg terskel”. Med det meinar dei at søknadsskjemaet er lettfatteleg og enkelt å fylle ut og sende inn. Ordninga er lite ”byråkratisk” og ein får svar på rekordtid – i løpet av ein måned. Rapporteringa om utført tiltak er også overkomeleg, og tilskotsmidlane

kjem raskt ut når tiltaket er stadfesta utført på ein tilfredsstillande måte.

TILSKOTET REKK TIL Å DEKKJE UTLEGG OG KAN UTLØYSE ANDRE TILSKOT

”Ta et tak” deler ikkje ut dei store tilskotssummene – 10 000 kroner til tiltak på små bygningar (under 40 m²), 20 000 kroner til større bygningar, og til måling av bygningar fekk ein i 2009 kr 5 000.

Tilbakemeldingar frå fleire der tiltaka ikkje er av dei største, kan vere at tilskotet var nok til å dekkje innkjøp av materialar eller at kr 5 000 var nok til å handle inn målinga, og så ”gjorde vi målingsarbeidet med eigeninnsats og dugnad”. For større tiltak er ikkje tilskotet frå ”Ta et tak” ein vesentleg del av summen i finansieringa, men har likevel verdi og effekt. Å lage eit ”spleiselag” frå mange kjelder er ofte nødvendig for å få til eit istandsetjingstiltak på eit kulturminne. Ei tilsegn frå ”Ta et tak” kan vere med på å ”toppe” ein finansieringsplan og utløyse andre tilskot som SMIL-midlar

og tilskot frå Kulturminnefondet. Det er også ein ikkje uvesentleg effekt for den private eigaren at med ei tilsegn om eit tilskot i handa er det lettare å bruke egne midlar i tillegg. ”Ta et tak” pyntar opp i budsjettet. ”Utan tilskotet ville det ha vore vanskeleg å prioritere istandsetjing av naustet framfor andre oppgåver”, seier ein bonde på Averøya.

EG VART SÅ GLAD AT EG GRET !

Ikkje alle har så sterke følelsar, men det er ingen tvil om at å få ei tilsegn om tilskot frå ”Ta et tak” har verknad. ”Då eg fekk meldinga om tildeling av tilskot frå Norsk Kulturarv, vart eg så glad at eg gret!” skriv ein huseigar til meg. Ho har kjempa hardt for å få behalde eit grindnaust frå 1800-talet i eit lite, idyllisk hamneområde med utbyggingspress og anna øydelegging som truar kulturmiljøet. Tilskotet har verdi langt utover det økonomiske. ”Eit tilskot frå ein kulturinstans som Norsk Kulturarv gir prosjektet tyngd og verkar svært oppmuntrande. Tilskotet frå Norsk Kul-



”Ta et tak” deler ikkje ut dei store tilskotssummene – til større bygningar, og til måling av bygningar fekk e



Ormbostad i Aure



Øksenvågen, Averøy

turarv har gjort at mange i slekta vår har fatta interesse for prosjektet og vil vere med på dugnad. Dei har fått auga opp for at det er viktig å ta vare på "vårt kulturminne", og at det ikkje berre er eit prosjekt som eit sentimentalt kvinnfolk driv og tullar med". Så langt frå tilbakemeldinga frå denne glade søkjaren. Dette kan eigentleg vere nok til at vi kan slå fast at ordninga har stor verdi. Men vi har også mange andre som melder tilbake om motivasjonseffekt, oppmuntning, incitament og ei påskjøning som gjer at vi føler at det vi held på med blir verdsett. "Rask og kontant positiv tilbakemelding på søknaden inspirerte til å "ta et tak" med ein gong. Naustet har stått litt på vent då arbeidet med hovudhuset har tatt all oppmerksomheit. Men no fekk vi ei kjempegod unnskyldning til å gjere noko anna. Etter fleire år med nedslåande svar på andre søknader, var dette umiddelbart eit løft i kvardagen", seier ein tilskotsmottakar.

KVA ER GJORT I MØRE OG ROMSDAL.

Heilt sidan ordninga "ta et tak" kom i stand i 2002 har folk i Møre og Romsdal motteke tilskot gjennom ordninga. Eg har ikkje totalsummen, men truleg er så mange som 100 bygningar redda til no. Som nemnt er det gitt 33 tilsegner berre dei to siste åra. Tilskota går i hovudsak til utvendig istandsetjing av bygningar – til fundament, kledning og takteking. Kva for bygningar er det som har fått tilskot? Det vil føre for langt å ramse opp alle, men eg vil gi nokre eksempel: På Ormbostad i Aure har eit eldre tømmernaust blitt istandsett og fått tilbake torvtaket. På Averøy har vi tre gode eksempel: Naustet i Været i Øksenvågen, eit stavlinaust frå 1844 på Kornstad (som har innsvidde teikn til vern mot Draugen!) og eit eldre stovehus på Søbstad. I det gamle fiskeværet Bud i Fræna kommune er det gitt tilskot til ei sjøbud med vindehus. Eit anna verdifult fiskeværvær på Romsdalskysten er Ona. Her er også ei sjøbud under restaurering med tilskot frå "Ta et tak". På øya Longva i Haram kommune har "Ta et tak" vore

med på å finansiere omlegging av skifertaket på eit stovehus frå 1800-talet. Og på Godøya i Giske kommune har eit uthus blitt istandsett til bruk i ei lokal reiselivssatsing.

KVA MED FRAMTIDA?

Tilbakemeldinga frå fleire er at denne gode ordninga må halde fram. Her er endå svært mange bygningar som må reddast. Ein seier at Riksantikvaren skulle gi Norsk Kulturarv "ein god slump" kvart år som kunne delast ut til "Ta et tak".

Mitt inntrykk er at ordninga "Ta et tak" til no har fungert svært godt. Mange har fått inspirasjon, moralsk støtte og økonomisk hjelp til å redde viktige delar av kulturarven. Den "effektive" måten ordninga fungerer på, blir verdsett av mange. Eg vonar at dei som til no har vore med på finansieringa, ser kva som er oppnådd, behovet for å halde fram og verdien av å kunne ta del i eit så viktig arbeid. Ordninga må vidareførast!

10 000 kroner til tiltak på små bygningar (under 40 m²), 20 000 kroner
in i 2009 kr 5 000